



Vedtekter for Sandane Bedehus

§ 1 Namn: Sandane Bedehus
 Eigar: Normisjon Møtepunkt B
 Org.nr: 911.729.008

§ 2: Målsetting for bedehuset

Bedehuset skal til ei kvar tid kunne brukast av Normisjon Møtepunkt B til alle sine aktivitetar. Andre lag og organisasjonar med gode og allmennyttige føremål og private, kan leige huset når dette ikkje kjem i vegen for eigaren sin bruk.

Huset ligg i sentrum omkransa av eit bustadområde og leigetakar må ta omsyn til dette. Nyting av rusgifter er forbode.

§ 3: Styret

Sandane Bedehus blir leia av styret for Normisjon Møtepunkt B. Styret har 4 medlemar og 2 varamedlemer som blir valde på årsmøtet. Årsmøtet vel særskilt leiar for styret for eitt år. Styret konstituerer seg med nestleiar og kasserar. Tilsett dagleg leiar er sekretær for styret
Styreleiar kallar saman styret etter skriftleg innkalling med sakliste minst ei veke før styremøte.

Styret er vedtaksfør når tre av styremedlemane er til stades på møtet. Styret gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal, har leiaren dobbeltrøyst. Styret er ansvarleg for drift og vedlikehald av bedehuset og legg fram revidert rekneskap for årsmøtet.

§ 4: Årsmøte for Normisjon Møtepunkt B

Årsmøtet godkjenner rekneskap for Sandane Bedehus.

Årsmøtet vel:

- Leiar for styret for 1 år
- 3 medlemar til styret for 3 år og 2 varamedlemer for 1 år.
- Valnemnd
- Revisor for Normisjon Møtepunkt B / Sandane Bedehus

- § 5:** Styret er forplikta på § 2 i desse vedtektene, og skal sjå til at huset vert nytta i samsvar med denne paragrafen.
- § 6:** Ordinært årsmøte skal heldast innan utgangen av første kvartal kvart år. Styret gjer kjent dato for årsmøtet minimum 6 veker før og kallar inn til årsmøte minimum 2 veker før årsmøtet. Røysterett ved årsmøtet har alle skrivne medlemar i Normisjon Møtepunkt B som har betalt årskontingent minst ein måned før årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn dersom styret finn det nødvendig, eller dersom 1/4 av medlemane krev det.
- § 7:** Vedtektsendringar kan gjerast av årsmøtet med 2/3 fleirtal. Framlegget til endringar må vere styret i hende innan 1 måned før årsmøtet. § 2, første ledd, § 6 første ledd og § 7 i desse vedtektene kan ikkje endrast.

Godkjent i styret for Normisjon Møtepunkt B nn.03.2023